


Planstrategi 2024 -2028

Tysnes kommune



Innleiing

Kommunestyret skal minst éin gang i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi (PBL. § 10-1).

Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling og langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane sine verksemdar og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å sette fokus på dei planoppgåvene kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei positiv utvikling i kommunen.

Planstrategien kan etter behov vera kortfatta eller meir omfattande.

Planstrategien sett eit sterkt fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Bakgrunn for kommunal planstrategi

Planstrategien er ikkje ein plan, og skal ikkje ta stilling til innhaldet i planane.

Den skal synleggjera utviklingstrekk i kommunen, og peika på planbehov for å styra utviklinga i den retninga ein ynskjer.

Planstrategien skal ta stilling til kva planer det nye kommunestyret meiner skal setjast i gang, reviderast eller vidareførast.

Dei overordna kommuneplanane (samfunnsdelen og arealdelen) skal gjennom planstrategien takast stilling til om skal reviderast eller vidareførast.

Planstrategien får ingen direkte rettsverknad for kommunens innbyggjarar, men skal nyttast i prioriteringsarbeidet til dei folkevalde.

Det er krav til samarbeid med statlege og regionale mynder og nabokommunar, men det er ikkje høve for mynder å fremja motsegn til planstrategien.

Kommunen skal gjennom strategien ta omsyn til regional og nasjonal politikk.

Retningslinjer og forventningar til kommunal planlegging frå overordna mynder vert lagt til grunn for arbeidet.

Kommunens plansystem

Kommunen skal gjennomføra planoppgåver innanfor ein rekkje områder, nokon er lovpålagte medan andre ikkje er det.

Dette er omfattande oppgåver som krev koordinert arbeid.

Planstrategi kan nyttast får å sjå kommunens samla plansystem og for å vurdere trong for utbetring, utvikling og/eller om den bør forenklast.

Viktige siktemål med kommunal planlegging er mellom anna:

Samordna mål og ressursinnsats i kommunen.
Forankring av ulike tema i politisk og administrativ leiing.

Påverke framtida i ønska retning gjennom langsiktig tenking.
Styrka samarbeid mellom ulike faggrupper og einingar.
Skapa legitimitet, felles oppfatning av røyndomen og størst mogleg semje i ulike saker.
Få fram ulike grupper si innsikt gjennom deltaking og medverknad.
Gje moglegheit til gode offentlege ordskifter, engasjement og motivasjon.

Plan for arbeidet

Rådmannen har starta opp arbeidet med planstrategi for valperiode 2023-2027.

Det skal utformast eit kunnskapsgrunnlag som skal syna kommunen sin status og utfordringar knytt til demografi, næringsutvikling og klima og miljø.

Folkehelse:

Er ein viktig faktor i dagens planar og innhenting av faktaopplysningar vil leggja grunnlaget for revisjon av planar og eventuelt nye.

Klima/miljø:

Er ein viktig del av alle kommunale planar og tenesteytingar.

Økonomi og forankring i økonomiplanen:

Innhaldet i alle kommunale planar vert vurdert inn i arbeidet med budsjett og økonomiplanar

Kunnskapsgrunnlaget skal liggja til grunn for val av planoppgåver i planstrategien.

Planstrategien skal etter lova leggast på høyring til innbyggjarar og regionale mynder.

Det er etter tidsplanen lagt opp til ein kort høyringsperiode haust 2024.

Planstrategien skal vedtakast seinast innan utgongen av 2024.

Administrativ arbeidsgruppe vert Strategisk leiing i Tysnes kommune

Politisk styringsgruppe er formannskapet i Tysnes kommune.

Bærekraft

Kommunen må ha dei lovpålagte planane oppdatert og alle andre planar det er trong for for å kunne levere samfunnet dei beste tenestane, bærekraftsmåla skal leggast til grunn i all planlegging for å sikre ein rettferdig fordeling av ressursane og same moglegheit for utvikling for alle.

Planstatus

Kommunen er i gang med rullering av kommuneplanen sin arealdel, plan er lagt til høyring og målet er å fatte vedtak 2025, men det er avhengig av kva konfliktnivå statsforvaltaren legg opp til i sin tilbakemelding.

Kommunen har oppdatert trafikktryggleik- og skulebruksplan og plan for leve hele livet og ein del viktige tema og beredskapsplanar i førre planperiode.

Tysnes kommune er ein liten kommune med avgrensa administrativ kapasitet, det er difor viktig å avgrensa mengde planar, men likevel kunne fokusera på planar som krev rullering.

Av den grunn er mellom anna trafikktryggleiksplanen vedteke å gjelda for ein lengre periode enn planlagt i utgangspunktet.

Når me no nærmar oss slutthandsaming av kommuneplanen sin arealdel, det kan vera fornuftig å vurdera om samfunnsdelen skal oppdaterast i ny planstrategi så me sikrar at kommuneplanen har eit styringsdokument for vurdering av arealdel og økonomiplan når kommunen sin drift skal planleggast for dei komande åra.

Det kan vera ein god ide å rullere denne så fort arealdel er vedteke, men da må kommunen samstundes oppdatere kunnskapsgrunnlaget og vurdera oppdatert kunnskap saman med demografi og samfunnsutviklinga generelt.

Me vil ha trong for oppdaterte planar for landbruket, betre kartlegging av natur og ressursar, samt eit fokus på folkehelse for alle kommunen sine innbyggjarar.

Kommunen må difor igjen vurdera når ulikt planarbeid kan leggst inn i årsbudsjett og langsiktig økonomiplan

Kulturminneplan er vedteke og noko av dette arbeidet skal vidareførast i arealdelen.

Kommunen vil vera høyringspart i statleg detaljregulering av ny E-39 over Tysnes i kommande planperiode, planprogram er vedteke, planframlegget er ikkje lagt ut til ettersyn.

Kommuneplanen sin arealdel legg opp til å ta ut nokon gjeldande reguleringsplanar, men dei fleste er vurdert vidareført men med ein tilføyning av byggjegranser mot sjø og vassdrag.

Våge og Onarheim har eigne sentrumsplanar, det kan vurderast om det skal gjerast eit liknande arbeid i Lunde og Uggdal.

Før ein startar eit slikt planarbeid er det ein stor styrke for komande planlegging om det først vert laga ein stadanalyse som tek for seg dei respektive områda.

Kommunen har nyleg oppdatert fleire av sine beredskapsplanar, dei dannar grunnlag for betre å kunne handtera eventuelle kriser som kan oppstå.

Plan for smittevern frå 2009 er ein plan me bør sjå på i denne planstrategiperioden.

Samferdsle

Pendling



Pendler ut av kommunen

2023

449 personer



Pendler inn til kommunen

2023

295 personer

Arbeids og utdannings pendling frå kommunen er høg i forhold til folketalet, Tysnes kommune har ikkje vidaregåande eller høgare utdanningsinstitusjonar, ein student frå Tysnes reise ut av kommunen som dagpendlar eller vekependlar. Me kan sjå av statestikken at me og har ein brukbar in pendling til kommunen. Mykje av dette er handverk og servicebedrifter i samband med private og offentlege prosjekt, som ny kommunal barnehage og stor byggje aktivitet i næringsareal på Onarheim.

Ny trase for E 39 er framleis under detaljregulering, planprogram er vedteke, men planframlegget er ikkje lagt ut til offentlig ettersyn.

Kommunen og råka innbyggjarar er forholdsvis godt informert gjennom Statens vegvesen sin informasjon om kor og korleis ein vegtrase vil liggja i terrenget og kva områder som vert råka og kva konsekvens det vil utgjera for den enkelte.

Når regjeringa eller komande regjeringar kjem vidare med arbeidet og vegen realiserast eller skrinleggast, så vil me kunne starte opp arbeid med kommunedelplan for Reksteren/Hålandsneset og Uggdal/Flatråker som i dag ligg i eit vakuum når det gjeld utviklingsmoglegheiter.

Fastlandsforbindelsen til Huglo dreg og ut i tid, Stord kommune sin planstrategi vil legge kommunedelplanen for sin del av den interkommunale planen inn i sin nye arealdel, det vil svekke Tysnes sin moglegheit til å få fart på eit felles prosjekt da det synast vanskeligare å koordinera arbeidet mot ein territorial kommuneplan framfor eit felles prosjekt.

Tysnes har difor sendt inn ein kommentar til Stord sin planstrategi der me ber kommunen halde fram med arbeidet for fastlandsforbindelse og ikkje gjera vedtak som kan virke negativt for den vidare prosessen.

Tidligere møteverksemd mellom kommunane og fylkeskommunen har kome fram til at me kan bygge ut sambandet stegvis, dvs. ein bru må byggjast etter dagens krav, men me kan i ein overgangsperiode nytte mykje av dei eksisterande vegane på Tysnes og Huglo fram til det er økonomi for å bygge ein heilt ny fylkesvegtrase.


PLANAR -VARIGHEIT- RULLERING

Kommunal planstrategi Minst en gang pr. valperiode Vedtak om rullering av kommuneplan. Vurdere plantrøng
Kommuneplan Samfunnsdel - Arealdel Planperiode 12 år, vurderast kvart 4.år i planstrategi
Kommunedelplanar Temaplanar - Geografiske planar Planperiode 12 år, vurderast kvart 4.år i planstrategi
Tema-/sektorplanar Planperiode 4 år, vurderast trøng i planstrategi
Økonomiplan, handlingsdel Planperiode 4 år, årleg rullering
Årsbudsjet 1 årleg
Årsmelding og rekneskap

Dei ulike planane i kommunen sin portefølje nyttast på tvers av fleir etatar for å gje kommunen sine innbyggjarar den beste service og informasjon om rettar og plikter i samband med kommunen sin daglege drift, der samfunnsdelen er hovuddokument og som saman med arealdel og økonomiplan utgjer ein komplett kommuneplan.

Eit førebels flytskjema for planar i Tysnes kan sjå slik ut, her er lagt inn planar me har i dag og planar me vil måtte vurdera framover.

Planane er og plassert under dei einingane som vil ha hovudansvar for å nytte planane i den daglege drift av Tysnes kommune. :



Oversikt over planar og planarbeid	Vedteke	Siste år	Rullerast i	Kommentar	Ansvar
KOMMUNEPLAN					
Samfunnsdel	2019	2030	2026		Sentraladministrasjon
Arealdel	2012	2022		vedtak 2025	Sentraladministrasjon
Økonomiplan	2023	2027			Sentraladministrasjon
Planstrategi	2020	2024	2024		Sentraladministrasjon
KOMMUNEDELPLAN					
Trafikktryggleik	2024	2036			Sentraladministrasjon
Ildrett og friluftsliv	2005			Erstatta av temaplan 2021	Oppvekst og kultur
Avløp og vassmiljø	2018				Teknisk
Vassforsyning	2018		2025		Teknisk
Kulturminne	2020	2030			Oppvekst og kultur
INTERKOMMUNALE PLANAR					
Detaljregulering Huglosambandet	2013				Sentraladministrasjon
Sunnfast					Sentraladministrasjon
TEMAPLANAR					
Barnehage- og skulebruksplan	2021	2035			Oppvekst og kultur
Klima og energi	2010		2025		Sentraladministrasjon
Leve heile livet	2021	2031			Helse og omsorg
Habilitering og rehabilitering	2019				Helse og omsorg
Ruspolitisk handlingsplan	2019		2026		Helse og omsorg
Hovudplan kommunal veg	2022	2027			Teknisk
Ildrett og fysisk aktivitet	2022				Oppvekst og kultur
Landbruksplan	2004		2025		Landbruk
Forvaltningsplan gås/hjort					Landbruk
Strategi for næringsplan og næringssamarbeid	2006			Går ut. Erstattast av plan for in	Sentraladministrasjon
Bevarings og kassasjonsplan					Sentraladministrasjon
IKT Strategi	2022	2027			Sentraladministrasjon
Sofykos	2011				Oppvekst og kultur
Strategi og utvikling oppvekst	2017			Erstattast av kvalitetsplan BHG	Oppvekst og kultur
Overgangsplan barnehage og skule	2023				Oppvekst og kultur
Lønspolitisk plan	2008	2022	2024		Sentraladministrasjon
Kulturskulerapport	2016				Oppvekst og kultur
Folkehelseoversikt	2018	2023			Helse og omsorg
Bustadpolitisk handlingsplan	2013	2016			Helse og omsorg
Handlingsplan for eit aldersvennleg samfunn	2023	2033			Helse og omsorg
Bustadsosial handlingsplan	Ny		oppstart 2024		Helse og omsorg
Plan for innovasjon og næringsutvikling	Ny				Sentraladministrasjon
Vern av Hummer	Ny				Landbruk
Hovudplan mot mobbing	Ny				Oppvekst og kultur
Plan for naturmangfald	Ny				Sentraladministrasjon
plan for forebyggjande arbeid	Ny				Helse og omsorg
Vald i nære relasjonar	Ny				Helse og omsorg
BEREDSKAPSPLANAR					
Helse og sosial beredskap	2006				Helse og omsorg
Smittevern	2009				Helse og omsorg
Kommunal kriseleing	2023				Sentraladministrasjon
Kriseteam for livskriser	2023				Helse og omsorg
Atomberedskap	2022				Sentraladministrasjon
Heilskapleg ROS	2022	2025			Sentraladministrasjon
REGULERINGSPLANAR UNDER ARBEID/OPPSTART					
Mandelhuset	Ny				Privat/Sentraladministrasjon
Reguleringsplan gang og sykkelveg-næring og kommunal infrastruktur Uggdal Våge	Ny		oppstart 2027/28		Sentraladministrasjon
Detaljreguleringsplan fastlandsforbindelse Tysnes - Huglo	Ny		oppstart 2027/28		Interkom/priv/Sentraladministrasjon
Laukhammar	2024				Privat/Sentraladministrasjon
Godøysund	2008				Privat/Sentraladministrasjon
Skår kai - endring	2019				Privat/Sentraladministrasjon
Dalland industri - endring	2014				Sentraladministrasjon